

---

## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Styret for Helse Møre og Romsdal HF  
**Møtedato:** 24.01.2019  
**Tidsramme:** kl 09:00-13:45  
**Sted:** Ålesund  
**Saksnr.:** 04/19 - 09/19  
**Arkivsak:** 2019/127

---

**Møteleder:**  
Ingve Theodorsen

**Møtende medlemmer:**  
May Helen Molvær Grimstad  
Toril Forbord  
Nils Kvernmo  
Bjarne Storset  
Marianne Nydal (vara for Jan Arve Antonsen)  
Mikal Gjellan  
Anette Lekve

**Frå brukarutvalet møte:**  
Ingrid Løset  
Ann Helene Skare

**Forfall:**  
Jan Arve Antonsen (1. vara meldt forfall. 2. vara innkalt)

**Frå administrasjonen møte:**  
Administrerende direktør Espen Remme  
Administrasjonskonsulent Marianne Gravem (styresekretær)

Styreleiar innleia møte med å ønske velkommen til ekstraordinært styremøte kor sakslista inneheld to saker. To viktig saker. Poengterer at det er naudsynt å gjere innstramming då føretaket har vore drifta med underskot i fleire år.

### **Sak 4/19 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjente innkalling og saksliste.

### **Sak 3/19 Godkjenning og signering av protokoll 01/2019 frå telefonmøte 15.01.2019**

**Vedtak**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 15.01.2019

### **Sak 5/19 Orientering frå administrerende direktør**

Styret vart gjeve følgjande orientering:

- Helseplattformen har hatt ei omfattande møteverksemd i HMR den siste tida.
- Oversikt over pasient- og pårørandeopplæring våren 2019 er publisert
- Spisskompetanse på spiseforstyrring – etablert responsteam

### **Sak 6/19 Referatsaker (utan saksframlegg)**

Styret har motteke tre protokollar og 19 innspel og brev retta mot styresak 7/19. Styret har motteke breva i forekant av styremøtet og tek dei til vitande.

### **Sak 7/19 Oppfølging av budsjett 2019 og operasjonalisering av utviklingsplan**

Administrerende direktør innleia med å teikne eit heilskapsbilete både nasjonalt og regionalt. Administrerende direktør tek styret si bestilling om å ta grep om økonomien på alvor og ønskjer å gjere det på ein føreseieleg måte for både tilsette og pasientgrupper.

Adm.dir. opplever gode dialogar med brukarutvalet og med føretakstillitsvalte/verneteneste. Ein tek og dei ulike innspela og leserinlegga i media på alvor.

Styret fekk ein presentasjon med oversikt over tiltak for å nå måla.

Under behandlinga av saka kom det forslag om eit nytt vedtakspunkt.

*9. Styret ber om å få ein gjennomgang av modellen som HMN RHF benytter når pengane blir fordelt mellom helseføretaka i Midt-Norge, den såkalla Magnussen-modellen.*

Dette forslaget vart enstemmig vedteken.

### **Styret i Helse Møre og Romsdal fatta slikt vedtak:**

1. Styret tek den framlagde planen til gjennomføring av operasjonalisering av utviklingsplanen og budsjett 2019 til vitande.

2. Styret ber om at medverknad og involvering frå tilsette, tillitsvalte og verneteneste, kommunar og andre samarbeidspartar vert vektlagt, og at prosessen til ei kvar tid vert gjennomført i tråd med lov, føreskrift, spelereglane i arbeidslivet og avtaleverk.
3. Styret ber om at planen vert vidareført i tråd med den tidslinje og tiltaksområde som er skisserte.
4. For tiltak som er av større omfang/strukturell karakter, ber styret om å få seg førelagt sak med konkrete vedtakspunkt til endringar, inkludert prosjektrapport og konsekvens-/risikovurdering.
5. Styret ber om at det i eiga omstillingsportefølje vert rapportert på status i forhold til etterleving av vedtekne omstillingsprosjekt på kvart styremøte.
6. Styret ber om at det til styremøtet i februar 2019 blir lagt fram ein plan for korleis rapportering av gevinstrealiseringa skal gjennomførast og korleis rapporteringa vil bli følgt opp, som også inkluderer oppdatering av styret.
7. Styret viser til den negative utviklinga i likviditet, og ber administrerande direktør gå i dialog med HMN for å sikre ein avtale om naudsynt likviditet og med omsyn til risikoen i budsjett 2019. Avtalen leggst fram som eiga sak i styret så snart som råd.
8. Styret ber administrerande direktør komme tilbake til styret i løpet av første tertial 2019 med ei konkretisering av dei uspesifiserte tiltaka som ligg i budsjett 2019 slik at ein kan sikre økonomisk balanse for 2019.
9. Styret ber om å få ein gjennomgang av modellen som HMN RHF benytter når pengane blir fordelt mellom helseføretaka i Midt Norge, den såkalla Magnussen-modellen.

Protokolltilførsel frå Brukarutvalet i HMR:

*Vi viser til vedtak i BU 16.01.2019 der vi på nytt peiker på protokolltilførsene frå møte 04.12.2019 og 15.01.2019. I tillegg meiner Brukarutvalet at det ikkje må gjerast vedtak om nedlegging av tilbud før det er vurdert om dette vil føre til meirutgifter for Helse Møre og Romsdal til dømes på pasientreiser og meirbruk av sjukehus utanfor fylket.*

## **Sak 8/19 Ekstern evaluering av anbudsprosessen og plan for vidare realisering av SNR**

Styret fekk ein gjennomgang av evalueringsrapporten frå Metier OEC.

### **Styret i Helse Møre og Romsdal fatta følgjande vedtak:**

1. Styret i HMR tar fremlagt evaluering av anbudsprosessen til orientering, og forutsetter at funn i rapporten blir fulgt opp med tiltak.
2. For å realisere nytt akuttsykehus på Hjelset vedtar styret i HMR at scenario 3 legges til grunn for det vidare arbeidet, i tråd med forprosjektet.
3. I det vidare arbeidet med realisering av SNR forutsettes det at medvirkning ivaretas og at det sikres gode driftsmessige løysningar for akuttsykehuset på Hjelset.
4. Styret i HMR gir styreleder og adm. dir. fullmakt til å gå i dialog med HMN for kvalitetssikring og entydig avklaring av forholdet mellom prosjektets styringsramme (P50), ramme HMR (P70) og kostnadsramme HMN (P85).
5. Styret ber om at ny konkurranse for bygging av nytt akuttsykehus på Hjelset lyses ut uten unødig opphold.

6. Styret vil ha seg forelagt nytt mandat og eierstyringsstrategi for prosjektet.

## **Sak 9/19 Godkjenning av protokoll 02/2019 – ekstraordinært styremøte 24.01.2019**

### **Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 24.01.2019.

Ålesund, 24.01.2019

Ingve Theodorsen  
Styreleiar

May Helen Molvær Grimstad  
Nestleiar

Toril Forbord

Nils Kvernmo

Bjarne Storset

Anette Lekve

Jan Arve Antonsen  
Vara: Marianne Nydal

Mikal Gjellan